

Yvonne Danielsen Skintveit
Mykingvegen 901
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9990 - 21/6859

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.02.2021

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt - gbnr 30/9 Myr (Dalsgrend)

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr. 30/9
Tiltakshavar: Yvonne Danielsen Skintveit

Alver kommune er kjent med at det i 2020 har vore eit eigarskiftet for eigedom med gnr. 30, bnr. 9 Myr (Dalsgrend). Du står no registrert i grunnboka som eigar av eigedommen og dette førehandsvarselet blir difor sendt til deg.

Alver kommune sendte eit brev datert den 04.06.2020 til tidlegare eigar der vi opplyser om at vi hadde motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lekkasje i begge kammer i septiktanken på eigedommen, med adresse Mykingvegen 901, 5913 Eikangervåg. Det var og rapportert om at det var vanskeleg tilgjenge til tanken. Frist for utbetring av tanken vart satt til **02.08.2020**. Viser og til vårt brev av 22.06.2020 til tidlegare eigars kontaktperson med førespurnad om fristutsetjing. Ny frist vart sett til **01.10.2020**. Kopi av begge brev følgjer vedlagt.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå førre eigar innan den siste fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å rette opp avviket på tanken slik at den tilfredsstillar dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Dersom du er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspiktig tiltak, kan du ta kontakt med Alver kommune.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen er utbeta.

Viss tanken er blitt utbeta i perioden før eigarskiftet skjedde, utan at kommunen har fått opplysning om dette, ber vi om at det vedlagte tilbakemeldingsskjemaet blir fylt ut og returnert til oss.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 01.04.2021** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at lekkasjen i tanken vert lokalisert og tetta.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsanlegget ikkje er utbeta **innan 01.04.2021**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 01.04.2021**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune
Avtale om fristutsetjing - gbnr 309 (Myr) Dalsgrend
Registrert avvik i septiktank - gbnr 309 Myr (Dalsgrend)

Mottakarar:

Yvonne Danielsen Skintveit

Mykingvegen 901

5913

EIKANGERVÅG